



Abo Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291  
5203 OS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2412 - 17/23121

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

21.11.2017

## Godkjenning for deler av tiltaket - GBNR 23/509 - Igangsetting for grunn-, betong- og røyrleggjararbeid - Blokk 1 - Felt B3 - Løypetona

**Administrativt vedtak. Saknr: 309/2017**

**Tiltakshavar:**

JM Norge AS

**Ansvarleg søkjar:**

Abo Plan & Arkitektur AS

**Søknadstype:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### **SAKSUTGREIING:**

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om igangsettingsløyve for grunn-, betong- og røyrleggjararbeid i samband med oppføring av bustadblokk 1 på gbnr. 23/509, Løypetona. Vi viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 14.11.2017.

Miljøconsult AS har søkt om løyve til tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsanlegg, jf. søknad med vedlegg journalført 21.11.2017.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Lov- og plangrunnlag:

Det følger av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve. Sistnemnde «*kan ikke gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.*»

I rammeløyve datert 21.10.2016, saksnr. 332/2016, vart det blant anna stilt følgjande vilkår:

1. *Før det blir gitt igangsettingsløyve må det liggje føre godkjent søknad om løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg.*
2. *Plan for lagring av massar skal leggjast fram for Meland kommune seinast ved søknad om igangsetting for bustadblokka. Lagringsplanen må ikkje berøre areal utanfor arealet som skal opparbeidast, og plasseringa må ikkje vere til ulempe for eksisterande bebyggelse.*

#### Lagringsplan:

I søknaden er det opplyst at mellomlagring av masser for blokk 1 vil bli plassert i byggeområdet for blokk 2, og vil bli fjerna i samband med opparbeiding av utomhusarealet for blokk 1.

Meland kommune legg denne masselagringsplanen til grunn, og føreset at den blir fylgt opp. Ved overskudd av massar anbefaler vi å ta kontakt med kommunen for å finne alternativ plassering.

#### Vatn og avlaup:

Det er søkt om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget. Tilkopling som omsøkt er dermed i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført motteke 14.11.2017. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av grunn-, betong- og røyrlaggjararbeid på blokk 1 i Løypefona, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 14.11.2017. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntakt.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan journalført 14.11.2017.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.*

*Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.*

*Meland kommune godkjenner at blokk 1 vert knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:*

- *Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.*

- *Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.*
- *Tilknyttinga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 20 000,- og for kloakk kr 20 000,- pr. bueining + mva.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

973-004 - Kumskjema - Vannledningskum VLK1

973-000va - Overvannsanlegg - Sitplan

973-001va - Belastningsarealer for overvann

**Kopi til:**

JM Norge AS

Damsgårdsveien 5847  
69

BERGEN

**Mottakere:**

Abo Plan & Arkitektur AS

Postboks 291

5203

OS